

Innspel til leselyststrategien til regjeringa

– frå Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) takkar for høvet til å koma med innspel til leselyststrategien til regjeringa.

Me vil oppsummera innspela våre slik:

- Ein leselyststrategi må inkludera språkpolitiske tiltak som tar utgangspunkt i ulik tilgang til bøker og aviser på dei ulike norske skriftspråka.
- Det er viktig at regjeringa fører ein politikk som fremjar nynorsk og betrar vilkåra for litteratur og media på nynorsk.
- Media og tidsskrift for barn og unge på nynorsk treng betre vilkår for å kunna oppfylla samfunnsoppdraget sitt.
- Skulebiblioteka må styrkast – og det bør opprettast ei innkjøpsordning som dekkjer alle skulebibliotek og som inkluderer nynorske tidsskrift for barn, sjangrane sakprosa, lettlest, serielitteratur, omsett og teikneserie – der minimum 25 prosent av innkjøpte bøker skal vera på nynorsk
- LNK ønsker ein skulesekk for yringsfridom som ein del av leselyststrategien. Den må ha som mål å gi barn og unge meir trening i bruk av yringsfridomen gjennom diskusjon, dialog, debatt og journalistikk.

Om LNK

LNK har 106 medlemmar, mellom desse 85 kommunar, 3 fylkeskommunar, fleire regionråd og interkommunale selskap. For medlemmane våre er det viktig å sikra nynorsk som eit jamstilt og fullgodt bruksspråk innanfor alle delar av det offentlege.

Dei største utfordringane knyta til lesing og leselyst

- Talet på barn og unge som les bøker og tradisjonelle medium går nedover.
- Spesielt talet på gutar som les er lågt.
- Berre ein liten andel av barnebøkene kjem ut på nynorsk. Dei siste åra har talet variert mellom 5,1 og 7,7 prosent.
- Fri og ukritisk skjermbruk gjer noko med merksemda og lesekondisen, og stel tid frå å nå målet om betre lesedugleikar og gode leseopplevingar.
- Diskursen om skjermbruk må nyanserst og utforskast meir – mesteparten av lesinga blant unge blir i dag gjort på skjerm, og meir merksemd må rettast mot korleis ein kan stimulera til god skjermbruk.

Dei viktigaste målgruppene for strategien

Målgruppa for strategien må vera barn og unge – og det må takast omsyn til kjønn og sosiale forskjellar i motivasjon for lesing.

Dei tre viktigaste tiltaka i strategien

1. Skulebiblioteka må styrkast, og det må setjast kvalitetskrav til skulebiblioteka, der følgjer pengar med til skulebiblioteka.
2. Det bør opprettast ei innkjøpsordning som dekkjer alle skulebibliotek og som inkluderer nynorske tidsskrift for barn, sjangrane sakprosa, lettlest, serielitteratur, omsett og teikneserie – der minimum 25 prosent av innkjøpte bøker skal vera på nynorsk
3. Media og tidsskrift for barn og unge på nynorsk treng betre vilkår for å kunna oppfylle samfunnsoppdraget sitt.

Gode eksempel

LNK har engasjert seg tungt innan medium for barn og unge i 25 år, og har jobba like lenge med leselysttiltak. I 1997 tok LNK initiativ til å starta ungdomstidsskriftet Magasinett.no. Sidan 2010 har LNK drive nyhende- og debattavisa for unge Framtida.no. I 2017 starta me nettavisa og papiravisa Framtida Junior. Denne har barn mellom 7 og 13 år som målgruppe. Og i 2022 starta Framtida Junior leselystsatsinga Lesediggi i lag med Nynorsk kultursentrum, seksjon for bibliotekutvikling i Vestland fylkeskommune og Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa og fleire andre. Lesediggi.no skal hjelpa barn å finna kjekke bøker å lesa, og har òg fleire barn og vaksne som skriv om bøker, skriv bokkritikk, bokmeldingar og forfattarintervju. Barn og unge har blitt inkluderte i utviklinga av Lesediggi.no og deltar også som bokmeldarar.

Til saman når dei digitale satsingane til LNK kring éin million brukarar i året.

For LNK, Framtida.no, Magasinett og Framtida Junior er det eit mål å visa fram og auka samfunnsengasjementet til barn og unge. Gjennom 10 år har me arrangert fysiske kurs for over 3000 barn og unge i å leia, delta i og arrangera bokbad og debattmøte i samarbeid med folkebibliotek og litteraturhus. Mellom 2014-2016 leia me eit prosjekt for unge som er trekt fram som eit vellukka ungdomsprosjekt i den førre nasjonale bibliotekstrategien.

Elles vil me nemna Sommarles-kampanjen som eit vellukka prosjekt som er viktig for å få mange barn til å lesa gjennom sommarferien. Sommarles finst både på bokmål og nynorsk, og det er viktig at eventuelle andre offentlege kampanjar òg tar omsyn til dei språklege rettane til dei mange nynorskungane.

Andre viktige område å hugsa på

Me minner om at språklova gir offentlege organ særleg ansvar for å fremja nynorsk som det minst brukte skriftspråket.

I forarbeidet til lova er det i merknadene til § 1 slått fast at «fremje skal tolkast slik at det er pålagt det offentlege å auke bruken av nynorsk på ein måte som går vidare enn det som følgjer av særlovgiving i §§ 12 til 18.»

Side 67 i Hurdalsplattformen slår fast at «[n]ynorsk og bokmål skal vere likestilte målformer, og som det minst brukte skriftspråket skal nynorsk fremmast og sikrast gode vilkår.»

LNK stiller gjerne opp i møte for å utdjupa og drøfta framlegg til løysingar på problemstillingane som er tatt opp i høyringsfråsegna vår.

På vegne av LNK,

Svein Olav B. Langåker
dagleg leiar